

## Sak 22/24 Sikre arkiv for framtida– Eigna lokale IKAMR

### Bakgrunn

Formålet til selskapet er å vere ein regional arkivinstitusjon knytt til heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Vi skal vere arkivfagleg kompetanseinstitusjon for eigarane. Selskapet skal forvalte, formidle og styrke arkiva til eigarane, og med dette bidra til måloppnåing av føresegner og intensjonar i arkivlova, medrekna særskilt å fungere som godkjent arkivdepot for eigarane<sup>i</sup>. For å kunne løyse oppdraget og formålet er selskapet avhengige av egna og godkjente kontor og arkivlokale.

I sak 43/20 Sikre arkiv for framtida vedtok styret på bakgrunn av strategiplan for 2016-2020 å gjennomføre ei tilstandsvurdering av dagens lokale og ein forstudie for framtidige lokale basert på krava i arkivforskriften:

### Vedtak:

- *Styret ber om at dagleg leiar presentere eit mandat til forstudie på styremøte i desember 2020.*
- *Det kan innleies ekstern bistand til selve forstudiet med forbehold om styrets godkjenning.*

Rapporten<sup>vi</sup> konkluderer med følgende:

*Dagens lokaler ikke vil kunne fylle dagens behov til magasinplass utover 3 til 4 år frem i tid. Lokalene har heller ikke en kvalitet på bygg og tekniske anlegg som gjør at lokalene oppfyller kravene til et arkivbygg som er definert i arkivloven med forskrift og Riksantikvarens forskrift. Leieavtalen med huseier er inngått med forutsetning om at disse kravene oppfylles. Kravene er lagt ved som en del av signert leiekontrakt. Forskriftskravene har ikke vært oppfylt ved overtagelse av de enkelte leieforholdene. Stadige lekkasjer og et ustabil klima i magasinene er et gjentakende problem. Huseier har forsøkt å gjøre forbedringer, men det har ikke vært tilstrekkelig til å oppfylle disse kravene.*

*Etter OPAK AS sin vurdering oppfyller lokalene heller ikke lokalene Arbeidsmiljøloven med Arbeidsplassforskriften. Planløsningen av lokalene, atkomst, varemottak og kontorplassering er ikke hensiktsmessig for virksomheten og skaper ekstra belastninger for personalet. Det gjelder særlig varemottak og håndtering av arkivmateriale fra varemottak til ordning og videre til magasiner. (Se utfyllende beskrivelse i pkt. 2)*

.....

*På bakgrunn av det som er gjennomgått i eksisterende bygg og mulighet for leie av tilleggslokaler vil vi anbefale at man ser etter nye lokaler for virksomheten for OPAK kan ikke se at en videreutvikling av det eksisterende kan gi en god løsning hverken teknisk eller funksjonsmessig<sup>vi</sup>.*

### Framtidige lokale for IKAMR

Arkivet er hjartet i eit velfungerande demokratisk samfunn. Arkivet vaktar historiske dokument og informasjon som sikrar ansvar og openheit. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal er ein nøkkellaktør i å bevare det lokale og nasjonale kollektive minnet. Arkivet legg grunnlaget for rettferd og mogleggjer informert avgjersle, noko som er avgjerande for å oppretthalde demokratiske verdiar og prinsipp. I arkivet blir lokalforvaltning, byggesaker, skule- og undervisning, barnevern,

sosialteneste og primærhelsetenester dokumentert. Dokument som sikrar effektiv saksbehandling og som kan vere viktig for å bevisе urett mot enkeltmenneske eller grupper. Arkiva er til for innbyggerane, og handlar om våre innbyggerar sin demokratiske rett til å få tilgang til og innsyn i det som angår dei. Derfor er offentlege organ underlagde arkivplikt.

### Offentlege organ si arkivplikt

I samsvar med §6 skal alle offentlege organ ha arkiv, og desse skal vere ordna og innretta slik at dokument er trygge som informasjonskjelder for samtid og ettertid. Offentlege organ skal avlevere eldre og avslutta arkiv til godkjent arkivdepot. I Møre og Romsdal har alle kommunar og fylkeskommunen løyst dette lovkravet og forskrift om offentlege arkiv gjennom Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS. I samsvar med selskapsavtalen skal Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal vere ein regional arkivinstitusjon knytt til heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Selskapet skal vere arkivdepot og arkivfagleg kompetanseinstitusjon for eigarane. Selskapet skal forvalte, formidle og styrke arkiva til eigarane, og med dette bidra til måloppnåinga av føresetnader og intensjonar i arkivlova.

- Offentlege organ etter Lov om arkiv §2 pliktar å halde arkiv<sup>ii</sup>.
- Offentlege organ skal avlevere eldre og avslutta arkiv til arkivdepot<sup>iii</sup>. Arkivet skal vere ordna og innretta slik at dokumenta er sikra som informasjonskjelder for notid og framtid.
- Rom som offentlege organ nyttar til arkivlokale skal gi arkivmaterialet vern mot skade frå vatn og fukt, brann og annan skadeleg varme, og mot skadeleg påverking frå klima, miljø og skadedyr. Lokalet skal òg verne arkiva mot skadeverk, innbrot og uautorisert tilgang<sup>iv</sup>


Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal leverer i tillegg tenester innan personvernforordninga til 24 eigarar finansiert gjennom eigen kontingent, og tenester lagde politisk til selskapet: Senter for digitisering av kulturarven, Fylkesfotoarkivet og fylkeskoordinerande teneste i arbeidet med Privatarkiv, dei tre sistnemnde finansiert gjennom driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

### Grunnlag for nye lokale

IKAMR er lokalisert i Ålesund, i leigde lokale og disponerer 2 400 kvm. Dagens løysing for IKAMR oppfyller ikkje lovkrav for bevaring av arkiv. Planløysing, tilkomst, varemottak og kontorplassering er ikkje hensiktsmessig for verksemda og skaper ekstra belastningar for personalet, er i strid med krav i arbeidsmiljøloven og med arbeidsplassforskriften. Det er vurdert teknisk vanskeleg å bygge om eksisterande lokale for å bøte på blant anna mangelfullt brannvern, ventilasjon, temperatur og sikring mot vasskade<sup>vii</sup>. Leigeavtalen på dagens lokale går ut juni 2027 og bygningane er lagde ut for sal. Selskapet har ikkje kjennskap til status på salsprosess eller planar for eventuell ny eigar.

Selskapet har over tid jobba med eit nøkternt grunnlag for nytt arkivbygg som tilfredsstillar lovkrav og framtidig arealbehov for tenestene. Det blei i perioden 2018-2020 gjennomført klimamålingar<sup>v</sup> i arkivdepot. Det blei i 2021 utarbeidd ein teknisk tilstandsrapport over dagens lokale<sup>vi</sup> og ein forstudie<sup>vii</sup> for framtidige arealbehov. Desse konkluderer alle med at dagens lokale ikkje held mål med omsyn til forskrift om offentlege arkiv eller arbeidsmiljøloven. I 2022 blei det gjennomført eit omfattande kartleggingsarbeid blant eigarkommunane og det blei utarbeidd ein rapport<sup>viii</sup> over framtidig arealbehov i depotet. Denne rapporten konkluderte med at eigarane har eit framtidig lovpålagt deponeringsbehov på over 30 000 hyllemeter med arkivmateriale.

Rapportane<sup>viii</sup> viser:



Rapporten konkluderte med at ein har eit framtidig arealbehov som er det dobbelte av dagens nivå. I 2022/2023 har det blitt gjennomført eit skisseprosjekt for nytt bygg<sup>ix</sup>, som bekreftar og detaljerer framtidige arealbehov. Denne rapporten vurderte tre løysingsforslag: Eitt eksempel på ei løysing basert på offentleg/privat samarbeid; eitt eksempel på offentleg/offentleg samarbeid; og eitt eksempel på kjøp av tomt og IKAMR som byggherre/eigar av eit framtidig bygg.

Samla konklusjon er at IKAMR har eit framtidig arealbehov som krev eit nybygg tilsvarande 4 500 m<sup>2</sup> (areal til POV (104 m<sup>2</sup>) og fylkeskommunale tenester (523 m<sup>2</sup>) er medrekna).

- Dagens lokale vil ikkje dekke det framtidige arealbehovet og er ikkje av ein bygningsmessig standard som tilfredsstillar lov om arkiv, forskrift om offentlege arkiv eller arbeidsmiljøloven.
- Arkivmagasina er per dags dato 90% fulle. Vi har gjennomført tiltak med å utplassere ca. 2000 hyllemeter (hm) med arkivmateriale i mellombels lokale. Dette med mål å kunne oppretthalde drifta og unngå mottaksstopp frå eigarane fram til nytt bygg er på plass. Framtidige behov krev meir enn fordobling av dagens depotareal<sup>iii</sup>.
- Kapasiteten i fotomagaset er sprengd. Dette medfører store avgrensingar i materiale som kan bevarast med risiko for skade eller tap av delar av fotohistoria til Møre og Romsdal.
- Kapasiteten for kontor- og arbeidsplassar er sprengd. Dette medfører avgrensingar i tenesteleveransen for IKA og dei fylkeskommunale tenestene. Det inneber også store avgrensingar i moglegheitene for å auke kapasiteten innan ordning- og digitiseringsprosjekt for eigarane våre.
- Dagens lokale er lagt ut for sal på den opne marknaden og noverande husleigekontraktar går ut juni 2027. Dette tilseier at nytt bygg må vere tilgjengeleg raskt og seinast ved utgangen av 2026.

#### Behandling i representantskapet 22.04.2022

I representantskapsmøte<sup>x</sup> 22.04.2022 i sak 07/22: Sikre arkiv for framtida og sak 08/22 godkjente representantskapet at det blei sett i gang eit skisseprosjekt for nytt bygg til IKAMR.

**Vedtak:**

1. *Handlingsprogram IKAMR, årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 vert godkjent. Investeringar 750 000 kr til forprosjekt for «Sikre arkiv for framtida» - Nybygg, og investering i ferdigstilling av oppgradering av sikker sone i websak kr 100 000,-*
2. *Forprosjekt for nye og framtidsetta lokale for IKAMR «Sikre arkiv for framtida» igangsettes.*
3. *Forprosjekt «Sikre arkiv for framtida» finansierast gjennom låneopptak.*

I forbindelse med skisseprosjektet for nytt bygg (2022) undersøkte selskapet moglegheita for at ein av eigarane kunne bygge eit nytt bygg innanfor vedtatt område – Ålesundregionen. Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune blei spurde. Det blei gjennomført møte med høvesvis Ålesund kommunale eigedomsselskap (ÅKE) og bygg- og eigedomsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune. Ingen av eigarane hadde på dåverande tidspunkt aktuelle ledige tomter eller kapasitet til å ta på seg byggherreansvar og utleigarrolla for selskapet.

**Behandling i representantskapet 25.04.2023**

I representantskapsmøtet den 25.04.2023, 07/23: Sikre arkiv for framtida – Nytt bygg<sup>xi</sup>, vedtok representantskapet å utarbeide plan for skisseprosjekt og plan for byggestart.

**Vedtak:**

1. *Representantskapet tek orienteringa til vitande.*
2. *Representantskapet sluttar seg til at administrasjonen utarbeider sak om forprosjekt og plan byggestart av nytt bygg til representantskapsmøtet i november 2023.*

I 2023 gjennomførte konsulentselskapet Metier på vegner av IKAMR ei vurdering av gjennomføringsmodell for nytt arkivbygg. Dei gjorde ein ny førespurnad til Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. Samt ein førespurnad til Statsbygg som gjeld eit mogleg samarbeid. Ingen av eigarane eller statsbygg hadde på dåverande tidspunkt aktuelle ledige tomter eller kapasitet til å ta på seg byggherreansvar og utleigarrolla for selskapet. *Rapporten for gjennomføringsmodell konkluderte derfor med at einaste reelle alternativ for gjennomføring innanfor nødvendig tidsrammer var å gjennomføre prosjektet gjennom eit offentleg-privat samarbeid.*

**Behandling i representantskapet 09.11.2023**

Med bakgrunn i skisseprosjektet og konklusjonane til Metier og Asplan Viak vedkomande val av gjennomføringsmodell og lokalisering av nye lokale vedtok representantskapet i møtet 09.11.2023 å planlegge prosjektgjennomføring etter OPS-modellen i Ålesundsregionen<sup>xii</sup>:

**Vedtak:**

- *Representantskapet tek orienteringa til vitande.*
- *Det sendes ut orientering til kommundirektører og det kalles inn til et eiermøte*
- *tidlig i 2024. Planlegging av byggeprosjektet sett i gang i Ålesundsregionen og blir gjennomført etter OPS-modellen.*
- *Administrasjonen hentar inn ekstern hjelp til førebuing og gjennomføring av prosessen i samsvar med OPS-modellen.*
- *Kostnadane blir finansiert gjennom lånemidlar. Jf Investeringbudsjett.*

Selskapet kontraherte då LPO Arkitekter til å utarbeide teknisk kravspesifikasjon og Marstrand Advokatfirma AS (Marstrand) til å utarbeide OPS kontraktsgrunnlag. Det arbeidet blei gjennomført våren 2024 og konkurransegrunnlaget er klart til konkurransegjennomføring.

Selskapet blei våren 2024 kontakta av Ålesund kommune om eit mogleg samarbeid om realisering av nytt bygg saman med Ålesund kommune. Ålesund kommune har ei tomt under regulering til offentlege formål i Breivika. Denne tomta ser ut til å tilfredsstille krava til lokalisering vedtatt i representantskapsmøte, krava til grunnforhold (bereeve), krava til sikring mot varig skade (vasskade) og tilgjengelegheit for eigarane jf. Krav i Arkivforskriften<sup>iv</sup>.

Ålesund kommune har bedt Ålesund kommunale eigedomsselskap om å undersøke moglegheitene for å samlokalisere Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal med ny hovudbrannstasjon i Lerstadvegen 525.

### Mogleg samarbeid med Ålesund kommune og ÅKE

Styreleiar og dagleg leiar i IKAMR gjennomførte 03.04.2024 eit møte med ÅKE og kommunedirektøren i Ålesund kommune, Jon Steven Hasseldal, og har sidan gjennomført fleire møte med ÅKE.

#### Tilgjengeleg tomt

I dette møte diskuterte vi moglegheita for eit samarbeid med ÅKE og Ålesund kommune basert på den aktuelle tomta. Tomta ligg høgt i landskapet. Der er eit naturleg fall mot nord, slik at det er enkelt å drenere. Tomta har god tilkomst og eit ledig udisponert areal i det nordvestlege hjørnet som ser ut til å kunne tilfredsstille arealbehovet skildra i Skisseprosjektet frå LPO arkitekter (31.03.2023). Tomta er under siste del av detaljregulering og vil derfor raskt vere klar for byggestart.

Før vi kan sette i gang eit mogleg samarbeid med Ålesund kommune er der ei rekke spørsmål som må avklarast: Juridisk- og innkjøpsfagleg vurdering av at Ålesund kommune utviklar, bygger og leiger ut bygget til IKAMR; val av samspelsmodell i utviklingsfasen; og val av klassifisering av leigekontrakten.

#### Omvendt utvida eigenregi

Vi har saman med bl.a. kommuneadvokaten i Ålesund kommune gjort ei juridisk vurdering av moglegheita for at Ålesund kommunale eigedomsselskap kan utvikle, bygge og leige ut eit bygg til IKAMR. Kommuneadvokaten i Ålesund kommune skriv følgjande:

*Saka er slik vi tolke det dekt av unntaket for omvendt utvida eigenregi, slik reglane kjem fram i FOA § 3-1, tredje ledd. Bokstav a) jf § 3-2.*

*Vi finn støtte for dette synet i sjølve teksten i forskrifta i 3. ledd:*

*«3) Når vilkårene i første ledd er oppfylt, gjelder heller ikke anskaffelsesloven og forskriften når det kontrollerte rettssubjektet inngår kontrakter med*

*a. det kontrollerende rettssubjektet, eller (...)*»

Vidare vil vi vise til rettleiaren punkt 4.3.4. der det heiter:

«Unntaket for utvidet egenregi gjelder også der den kontrollerte enheten inngår en kontrakt om kjøp av ytelser fra den kontrollerende enheten, også kalt omvendt egenregi eller omvendt vertikalt samarbeid, jf. § 3-1 tredje ledd bokstav a.»

Vi kan ellers vise til vedlagde avgjersle frå KOFA i sak 2013/99 ii som stadfestar dette. Avgjersla er eldre enn forskriftsendringane og rettleiaren, så denne forståinga har lovgjevar gjennomført i seinare regelverk.

For meir om innhaldet i «felles kontroll» viser vi til rettleiaren punkt 4.3.5.

### Konklusjon

Vår konklusjon er difor **at ÅKE kan bygge og leige ut til IKAMR utan at dette blir konkurranseutsett fordi situasjonen er dekt av unntaket for omvendt utvida eigenregi**, slik reglane kjem fram i FOA § 3-1, tredje ledd. Bokstav a) jf § 3-2.

Saka blei saksbehandla i sak 44/24 i styremøtet den 13.06.2024 med følgende vedtak:

#### Vedtak:

- Styret stiller seg bak vurderinga til kommuneadvokaten og innkjøpssjef i Ålesund kommune. Styret vurderer det slik at Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal har moglegheit for å gå til direkte anskaffing av nye lokale frå eigar Ålesund kommune gjennom avtale med Ålesund kommunale eigedomsselskap.

Vi meiner at dette er den løysinga som best gjer det mogleg å realisere eit nytt bygg innanfor framdriftsplan og økonomisk ramme.

### Andre alternativ

#### Null alternativ 1

Eit midlertidig alternativ er å bli i dagens lokale. Dette er eit alternativ som har vore undersøkt ved fleire anledningar. Dette føreset at vi lykkast med å forhandle fram ei forlenging av dagens kontrakt til ein overkomeleg økonomisk kostnad i eksempelvis 1 pluss 1 år eller 5 år.

Som nemnt tidlegare og konkludert av bla. OPAK i rapporten frå 2021 tilfredsstillar ikkje dagens lokale arbeidsplassforskriften, arkivlov eller arkiv forskrift:

*Etter OPAK AS sin vurdering oppfyller lokalene heller ikke lokalene Arbeidsmiljøloven med Arbeidsplassforskriften. Planløsningen av lokalene, atkomst, varemottak og kontorplassering er ikke hensiktsmessig for virksomheten og skaper ekstra belastninger for personalet. Det gjelder særlig varemottak og håndtering av arkivmateriale fra varemottak til ordning og videre til magasiner. (Se utfyllende beskrivelse i pkt. 2)*

Styret og daglig leder har mottatt varsel om mulig stans i arbeidet fra verneombudet i selskapet grunna brudd på arbeidsplassforskrift og arkivforskrift<sup>xiii</sup>. Det er derfor ikkje lokale selskapet kan fortsette drifta i over lengre tid. Arkivdepotet vil ifølge våre berekningar vere fullt mot slutten av 2026. Det vil få ei rekke negative konsekvensar for eigarane og for selskapet.

Fullt depot vil medføre eit inntaksstopp frå medio 2026. Det vil innebære at kommunane ikkje lenger ville kunne levere til lovpålagt depot i samsvar med arkivloven og arkivforskriften. Kommunane vil måtte oppbevare dette materialet sjølve i godkjente arkivlokale fram til eit godkjent arkivdepot er på plass.

Fullt depot vil også bety at vi ikkje kan ta imot arkivmateriale på inngåtte ordnings- og digitiseringsprosjekt for eigarane og eksterne aktørar. Det vil bety at vi gradvis må avslutte arbeidet med ordning og digitisering av arkivmateriale frå eigarane og andre. Konsekvensen av dette vil vere at selskapet samla mister inntekter for 7 mill. kr i året og at fleire av driftskostnadane, som no blir dekte av bidraget frå prosjekta, må dekkast gjennom auka bidrag frå eigarane. Dersom arbeidet med ordnings- og digitiseringsprosjekt fell bort, vil arbeidet for ca. 10 tilsette forsvinne og tilsette vil miste jobben sin.

Antatte konsekvensar av Null alternativ 1:

- Fullt depot
- Mottaksstopp
- Mulig stans i arbeidet fra verneombud og mulig varsel til arbeidstilsynet
- Betydeleg reduksjon i tenestetilbodet
- Ordnings- og digitiseringskontraktar blir utsett
- Tap av 6-8 mill. i prosjektinntekter
- Nedbemanning med mellom 8-10 tilsette

Dette alternativet vil få store konsekvensar for tenestetilbodet til eigarane og svært store konsekvensar for selskapet. Det vil medføre betydeleg kompetanseflukt, stor risiko for tap og skade på arkivpliktig arkivmateriale.

Administrasjonen fråråder på det sterkaste å velje ei slik løysing, då det i prinsippet er å bygge ned eit selskap som over nesten 25 år har levert tenester av høg kvalitet til eigarane.

### **Null alternativ 2**

Selskapet sin kontrakt med noverande huseigar går ut juni 2027. Vi har fleire gongar vore i kontakt med huseigar for å forhandle om ei midlertidig forlenging av avtalen, men huseigar svarer ikkje på førespurnader frå oss. Bygningane ligg ute for sal på den opne marknaden. Vi har vore i kontakt med meklar og informert han om interessa vår i å kortvarig forlenge kontrakten, utan at dette har medført eit tilbod om forlenging. Det er derfor stor uvisse knytt til om vi får forlenga kontrakten med dagens lokale.

Om vi ikkje lykkast med å forlenge kontrakten, og viss ingen av dei andre alternativa er sett i gang, vil selskapet frå juni 2027 vere utan lokale. Det vil medføre at selskapet må avsluttast. Eigarane må melde seg ut av selskapet seinast hausten 2025 (eitt års oppseiing med verknad frå 01.01). Eigarane må hente tilbake deponert materiale og finne eigne godkjente arkivdepot innan hausten 2026. Selskapet vil då bli avvikla frå juni 2027.

Antatte konsekvensar av Null alternativ 2:

- Husleigekontrakten går ut
- Eigarane må hente tilbake deponert materiale og opprette egne godkjente depotmagasin
- Eigarane må vedta å løyse opp selskapet og melde seg ut av selskapet hausten 2025.
- Selskapet blir avvikla juni 2027

### Leige anna godkjent bygg i Ålesundsområdet

Selskapet har fleire gongar undersøkt leigemarknaden i Ålesundregionen. OPAK undersøkte marknaden i 2021<sup>vii</sup>. Her fann dei ingen lokale som tilfredstilte krav og behov på dåverande tidspunkt. Alle objekt som var på marknaden måtte rivast og erstattast med nye og godkjente bygg. LPO arkitekter gjorde eit søk i marknaden i forbindelse med skisseprosjektet i 2022<sup>ix</sup>. Dei kom til same konklusjon at det var få aktuelle tomter i området og at ingen leigeobjekt tilfredstilte behov eller krav. I 2023 blei det gjort søk i forbindelse med *Vurdering av gjennomføringsmodell* av Metier<sup>xiv</sup>. Dei fann ingen alternative leigeobjekt i området. Samtidig kan det nemnast at det ikkje er lov å teste marknaden med å lyse ut konkurranse utan intensjon om å inngå leigeavtale.

Behova til selskapet er heilt spesielle og krava til arkivdepot er styrt av lov og forskrift. Vi har undersøkt leigemarknaden i 2021, 2022, og 2023 med hjelp frå eksterne konsulentar og lokale meklarar. Vi har ikkje funne nokon tilgjengelege objekt som tilfredsstillter behova og krava som kommunane er pålagde i samsvar med et godkjent depot.

### Samla anbefaling

Selskapet må ha nye lokale for å kunne ivareta formålet og hovudoppdraget som godkjent arkivdepot for eigarane og som arkivfagleg kompetanseinstitusjon. Desse lokala bør leggjast i Ålesundregionen slik at risikoen for tap av kjernekompetanse blir minimert og for å sikre nærleik til sentrale samarbeidspartnarar.

Selskapet har gjort ei grundig vurdering av fordelar og ulemper ved val av gjennomføringsmodell. Vi har gjort ei grundig vurdering av OPS-modellen og eit offentleg-offentleg samarbeid med Ålesund kommune.

Vel vi å inngå avtale med ein av våre største eigarar innanfor rammene av omvendt utvida eigenregi vil det få positive effektar for gjennomføringstida, slik at prosjektet mest sannsynleg kan gjennomførast innan utgangen av 2026, som er ein føresetnad. Tomta som er aktuell i dette prosjektet tilfredsstillter dei spesielle krava som er beskrivne i skisseprosjektet og lokaliseringsanalysen. Her medrekna nødvendig bereevne, arealbehov, høgde over havet, dreneringsmoglegheiter, nærleik til brannstasjonen, nærleiken til brukane, samarbeidspartnerane, eigarar; og innanfor det geografiske nedslagsfeltet for tilgjengelegheit for dagens tilsette. Ein avtale med Ålesund kommune vil mest sannsynleg også kunne få ein positiv økonomisk effekt i bygge- og driftsfasen. Dei finansielle vilkåra for kommunen vil sannsynlegvis vere betre. Kommunen vil sannsynlegvis få betre rente, dei vil berre ha behov for kostnadsdekning og ikkje krav til inntening. Kommunen gir også ei større finansiell sikkerheit enn ei privat verksemd og kommunen har lang erfaring med utvikling og drift av spesialbygg.

Ut frå dialogen og tilbakemeldingane frå eigarane ser vi at det ikkje er tilslutning for å gjennomføre prosjektet som eit offentleg-offentleg samarbeid med Ålesund kommune. Underlaget for



gjennomføring av byggeprosjektet etter OPS-modellen slik det er vedtatt i representantskapsmøtet den 14.11.2023 er framleis det einaste alternativet som, slik vi vurderer det, tilfredsstillar dei rettslege forpliktingane eigarane har til eit godkjent arkivdepot.

Vi ser at det kan bli vanskeleg å gjennomføre OPS-prosessen og få på plass nye lokale innan juni 2027 og vil fortsette arbeidet med å forhandle fram midlertidig forlenging av leigekontrakten i dagens lokale. Samtidig foreslår vi å få hjelp til å gjere ei ny undersøking i leigemarknaden, slik at vi kan få på plass eit saksunderlag med alternative løysingar til representantskapsmøte 1, våren 2025.

### Forslag til vedtak:

#### Forslag 1:

- Selskapet undersøker moglegheita og konsekvensar av ei midlertidig forlenging av leigekontrakten i dagens lokale.
- Selskapet hentar inn ekstern hjelp til å undersøke og vurdere leigemarknaden i Ålesundsregionen.
- Saken blir tatt opp på representantskapsmøte 1, våren 2025

---

<sup>i</sup> [Selskapsavtalen til IKAMR](#)

<sup>ii</sup> <https://lovdata.no/lov/1992-12-04-126/>

<sup>iii</sup> <https://lovdata.no/forskrift/2017-12-15-2105/§18>

<sup>iv</sup> <https://lovdata.no/forskrift/2017-12-15-2105/§7>

<sup>v</sup> [Sak 16\\_23 H Rapport om klimamålinger i arkivmagasiner 2018-2020](#)

<sup>vi</sup> [Sak 16\\_23 G Rapport tilstandsvurdering IKA MR.pdf](#)

<sup>vii</sup> [Sak 16\\_23 F Sluttrapport forstudie lokaler for IKA MR 2506.pdf](#)

<sup>viii</sup> [Sak 16\\_23 E Magasinstatus og magasinbehov ved IKAMR 2022-2050.pdf](#)

<sup>ix</sup> [Sak 07\\_23 B Rapport frå Skisseprosjekt.pdf](#)

<sup>x</sup> [Protokoll representantskapsmøte IKAMR på Teams 22.4.2022](#)

<sup>xi</sup> [Protokoll Representantskapsmøte 25.04. 2023](#)

<sup>xii</sup> [Protokoll Representantskapsmøte 09.11.2023](#)

<sup>xiii</sup> [Sak 22\\_24 B Varsel fysisk arbeidsmiljø.pdf](#)

<sup>xiv</sup> [Sak 16\\_23 C Vurdering av gjennomføringsmodell\\_Rapport.pdf](#)